



Fjell kommune
Postboks 184
5342 STRAUME

Dato: 18.11.2015
Vår ref.: 2015/10280-11
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstartsmelding for reguleringsplan for ny veg FV 555 Kolltveit - Austefjorden

Vi viser til brev datert 8.10.2015 om oppstart av arbeid med detaljregulering for ny FV 555 Kolltveit – Austefjorden. Hovudføremålet med reguleringa er vegføremål. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan der området er sett av til vegføremål. Kommunen har ikkje vurdert om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planarbeidet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Landskap

Samla sett er landskapskarakteren i planområdet eit lågt og kupert landskap med mange øyar og sund og eit småskala mosaikkpreg. Dette gir ei skiftande landskapskarakter med mange ulike landskapstypar, men dei dominerande er likevel landskapstypane *Våg- og smalsundlandskap*, *Småfjord- og storsundlandskap* og *Kysttheiene*.

Dette småskala landskapet er sårbart for storskalainngrep slik som vegbygging, spesielt når desse går på tvers av terrengformane og landskapsstrukturen.

Det vil vere spesielt viktig å ha fokus på god landskapstilpassing i denne reguleringsplanen. Ein bør søkje å avgrense både fjern- og nærverknadene av veganlegget, dempe barriereverknader og unngå store vegskjeringar som vil vere synlege på store avstandar.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi minner om at dokumentasjon av kulturminne skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. I dette må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I samband med kommunedelplan for ny veg fv 555 Kolltveit-Austefjorden vart det utarbeidd KU som skildrar og vurderer konsekvensar for automatisk freda og nyare tids kulturminne. Kommunedelplanane er vedtekne i 2009 (Fjell) og 2010 (Sund). Det er sidan 2010 registrert fleire nye automatisk freda kulturminne i og nær planområdet, m.a. i Austefjorden i Sund kommune. Vidare er det innkome metallfunn frå Fjell som indikerer aktivitet i området i løpet av mellomalder. Kulturminneinformasjon som ikkje var kjent i 2009-10 må inkluderast og omtalast i planarbeidet.

Automatisk freda kulturminne

I nordlege del av planområdet ligg den automatisk freda Fjell kyrkjestad i tilstøytande areal til planen. Kyrkjestaden er frå mellomalder og har nasjonal interesse. Hordaland fylkeskommune har oversendt oppstartvarsel om plan til Riksantikvaren som rette mynde til å vurdere planen sine moglege konsekvensar for kyrkjestaden. Riksantikvaren understrekar i uttale datert 30.10.15 at automatisk freda kulturminne er svært sårbare for inngrep og endringar i omgjevnadene, og at planen må ta tilstrekkeleg omsyn til dette. Riksantikvaren vil gi endeleg uttale i høve kyrkjestaden når det føreligg planframlegg til offentleg ettersyn.

Sør i planområdet, i Austefjorden i Sund kommune, er det kjent to automatisk freda og tre uavklarte kulturminne, Askeladden-id 97046, 179781 og 97052, 97053 og 97054. På Søre Fjell er det kjent fleire lausfunne metallgjenstandar frå mellomalder, m.a. Askeladden-id 214340. Dette, samt topografiske høve i planområdet og høgde over havet, gjer at delar av det aktuelle planområdet har høgt potensiale for ytterlegare funn av automatisk freda kulturminne. På bakgrunn av dette finn vi det dermed naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jmf. § 9 i kulturminnelova. Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein føremon for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Jfr. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, må kostnadene ved registreringa dekkast av tiltakshavar. Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering vil bli ettersendt.

Då planen omfattar areal i sjø har vi lagt saka fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet melder i e-post 28.10.15 at areal i sjø og vatn i planområdet har potensiale for funn av marine kulturminne/kulturminne under vatn, og varslar trong for marinarkeologisk registrering etter kulturminnelova §§ 9, 10 og 14. Sjøfartsmuseet vil vurdere omfang av registrering når planen kjem til offentleg ettersyn.

Nyare tids kulturminne

Ein del av planområdet råkar Fjell festning. Den sentrale delen av festningen er freda (Askeladden-id 94447). Heile festningsanlegget består likevel av ei rekke strukturar kor mange ligg utanfor det freda arealet (Askeladden-id 212530, 212678,), og nokre ligg utanfor lokaliteten fullstendig. Alle strukturane er del av anlegget sin heilskap, og bør ivaretakast som krigshistorisk landskap. Fylkeskommunen vil gjere ei synfaring og gi innspel i høve dette.

Når det gjeld sjølvve tunnelarbeidet, må det gjerast ei eigen risikovurdering i høve til om dette kan skade det freda festningsanlegget. Stien som går frå Fjell sentrum og opp mot Fjell festning, og kulturmiljøet knytt til denne må takast vare på. Det må og takast omsyn til gardsanlegget Tveita gard, då det er eit særst godt bevart kulturmiljø. Det er eit kulturlandskapet som er halden i hevd i fleire hundre år. Her er ein høg konsentrasjon av gamle strukturar (bygningar, jordkjellarar, steingardar m.m.) knytt til jordbruksdrift der samanhengen dei står i er godt teken vare på. Både opplevingsverdien, kunnskapsverdien og bruksverdien er difor høg. (jf. KM23 i KU). Vi ber òg om at verneverdien av torvhusmiljøet ved Eide, aust for dagens veg (er diverre ikkje teken med i KU) vert vurdert og teken omsyn til i det vidare planarbeidet.

Oppsummering kulturminne

Vi ber om at allereie kjende kulturminne blir teke omsyn til i planarbeidet. Ein bør i størst mogleg grad unngå direkte konflikhtar med freda kulturminne, eller andre kulturminne med høg verneverdi. Særleg viktige kulturminne å ta omsyn til i denne planen er automatisk freda steinalderbuplassar i Austefjorden og Fjell festning, kulturmiljøet som grenser til festningsanlegget, gardsanlegget på Tveita gard og torvhusmiljøet på Eide. Automatisk freda eller andre kulturminne med høg verneverdi som ligg nær nye tiltak i planen, utan å bli direkte råka, bør inkluderast i planen sitt areal med arealføremål LNF og omsynssone c/d, jf PBL §§ 12-5, 12-6 og 11-8.

Hordaland fylkeskommune vil oversende budsjett for arkeologisk registrering snarast. I KU til kommunedelplanen framkjem det informasjon om nyare tids kulturminne og mogleg automatisk freda

kulturminne som er utilstrekkeleg dokumentert og kartfesta. Vi ser trong for å gjere ei synfaring for å avklare dette, samt kartfeste kulturminne ved Fjell festning som ligg utanfor lokaliteten si ustrekning.

Når synfaring samt § 9-registrering er gjennomført vil fylkeskommunen sende forslag til avgrensing av omsynssoner for kulturminne og kulturmiljø.

Samferdsel

I kommunedelplanen for prosjektet er det lagt vekt på at Sotrasambandet skal vere eit moderne framtidretta transportnett med høg standard.

I oppstartsmeldinga er det lagt opp til ein 2 felts veg med midtdelar, men at endeleg val av vegstandard vil verte avklara i løpet av planprosessen. Her er det naudsynt at Hordaland fylkeskommune som tiltakshavar vert trekt inn i denne prosessen.

I reguleringsarbeidet skal det takast omsyn til gåande og syklende langs strekninga. Vidare skal kollektivtrafikken sikrast god framkome med gode kryssløysingar. For samferdselsavdelinga er det særskilt viktig at ein vidare i reguleringsarbeidet finn gode løysingar for mjuke trafikantar og kollektivtrafikken. Dette gjelder både utforminga av busshaldeplasser samt tilkomsten til desse. Fylkeskommunen og Skyss må difor inn i den vidare prosessen så tidleg som mogleg.

HFk/Skyss ønskjer i tillegg at det i begge planane samla blir vurdert alternative plasseringar av bussanlegg på Straume. I eit langsiktig perspektiv vil areala til dagens bussanlegg vere ønska til anna formål som følge av byutvikling på Straume. Det er viktig å sikre areal til eit bussanlegg med ei funksjonell plassering for effektiv drift av den omfattande kollektivtrafikken knytt mellom anna til Straume.

I vedteke kommunedelplan er det lagt opp til ny trasé med tunnel forbi Fjell sentrum og forbi Skogskiftet. I starten av må fylkeskommunen inviterast til dialog for å sjå på alternative løysingar til tunnel-forslaga som ligg i kommunedelplanen. Basert på dette arbeidet vil fylkeskommunen vurdere ein framtidig mogleg prioritering og finansiering av tunell-løysingane.

Hordaland fylkeskommune vil i fyrste omgang råda til å planlegge for utbetningsstandard langs eksisterande veg mellom Kolltveit – Austfjorden, med unntak av parsellen Skogskiftet – Eide der det er viktig å få sikra drikkevasskjelda Kørelen.

Senterutvikling

Hordaland fylkeskommune viser til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*. Denne planen har eit eige kapittel om transport i og ved senterområder og gir mellom anna retningslinjer for planlegging knytt til slike problemstillingar. Her er det gitt at for å skape attraktive omgjevnader for folkeliv bør det overordna vegnettet i sentrum og tettstader som hovudprinsipp planleggjast etter Statens vegvesens normal for gate i handbok N100. Gjennomfartstrafikk bør ikkje vere til hinder for gåande, syklende og kollektivtransport. Om trafikk gjennom sentrumsområdet ikkje kan sameinast med å skape attraktive sentrum bør det etablerast omkøyingsveg utanom sentrum for trafikken som ikkje har sentrum som målpunkt. Dette gjeld og for utvikling av Skogskiftet. Vi viser her særskilt til retningslinjer i kapittel 5.3 i den regionale planen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på kulturmiljø- og kulturminne, landskap, senterutvikling og samferdsel.

Marit Rødseth
plansjef

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlarar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA
Gunnhild Raddum, Transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA
Heidi Handeland, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland
Statens vegvesen - Region Vest